



HØGSKULEN I VOLDA
Volda University College

Nyhendebrev nr. 24, 10. august 2023

Nyhendebrev frå rektor til tilsette og studentar ved Høgskulen i Volda.
Redaktør: rektor Odd Helge Mjellem Tonheim, oddht@hivolda.no


[Tidlegare nyhendebrev og side for påmelding til nyhendebrevet.](#)



Forskningsfestival full av energi

Forskningsdagane ved HVO (21.9.–1.10.) blir ein fest av gratis, spennande arrangement for store og små. Her kan du mellom anna bli med på ein e-sportsleg dugnad for dyrking av norske avokadoar!

[LES MEIR](#)



Bli kjend med det nye rektoratet på HVO

1. august var første dag i ny jobb for det nye rektoratet vårt. I dette portrettintervjuet kjem du tettare på rektor Odd Helge Mjellem Tonheim (t.h.) og prorektor Eirik Søvik – og må vi både opp på Rotsethornet og ned i papirarbeidet.

[LES MEIR](#)


Fag og forskning



9,7 mill. til forskning på programmering i matematikkfaget

Rett før sommarferien blei det klart at HVO-forskningsgruppa [Programmering for matematikkforståelse](#) hadde kome gjennom nålauget hos Forskningsrådet. Forskningsgruppa, som er leia av førsteamanuensis [Andreas Brandsæter](#) ved [Institutt for realfag](#), fekk [tildelt 9,7 millionar kroner](#) til prosjektet *Programming for Developing Mathematical Competencies* (programmering for utvikling av matematisk kompetanse).

[Les meir i intervjuet med Brandsæter på hivolda.no](#)



Digitalt forskingsseminar i forskingsgruppa Spesialpedagogikk og inkludering

Forskningsgruppa [Spesialpedagogikk og inkludering](#) ved Høgskulen i Volda (HVO) arrangerte i slutten av juni eit digitalt forskingsseminar der forskarar frå Københavns Professionshøjskole (KPH), Aalborg Universitet og Aarhus Universitet tok del. Høgskulelektor Anne-Kari Remøy var blant dei som presenterte frå forskinga si. Ho snakka rundt doktorgradsarbeidet sitt om kompleksiteten og spenningane ein står overfor i opplæringa for fleirspråklege elevar me vedtak om spesialundervisning.

Dette er det tredje seminaret gruppa har, og dei vil halde fram med å arrangere seminar ein gong i kvart semester. Til hausten er det KPH som skal vere arrangør. Våren 2024 vil det truleg bli fysisk deltaking der dei tilsette ved HVO ønskjer å invitere dei danske forskarane til Volda.

Spel forskningsetikk-spelet innan 15.10. og bli med i premietrekking

[Forskningsetikk](#) skal vere ein integrert del av all forskning ved Høgskulen i Volda, og forskinga vår skal vere open, uavhengig, sannferdig og kritisk. Eit tiltak for å sikre opplæring i anerkjente forskningsetteknormer er forskningsetikk-spelet til [sikresiden.no](https://www.sikresiden.no).

Målet er at flest mogleg av dei tilsette fullfører spelet, og målgruppa er særleg dei som ikkje har mykje erfaring med forskningsetikk frå før. Fullfører du spelet innan 15. oktober, blir du som tilsett med i ei trekking av fem gåvekort – les meir i e-posten frå Forskningsadministrasjonen til alle avdelingane 16. juni.

[Slik spelar du forskningsetikk-spelet.](#)

Stor tildeling frå Erasmus+ til prosjekt med HVO-deltaking

Via [førsteamanuensis Erik Fooladi](#) med kollegaer ved Institutt for realfag var HVO assosiert partnar ein prosjektsøknad til Erasmus+ med tittelen «Tradinnovations», som no har fått tilslag. Tildelinga gjennom EU-programmet er på totalt EUR 400 000.

Formålet med prosjektet er mellom anna å utvikle prosjektbaserte undervisningsmetodar for å fremskaffe kunnskap om matkultur og mattradisjonar blant studentar i mat-teknologiske og matvitskaplege utdanningar.

Utgangspunktet for HVO-deltakinga er særleg den didaktiske innsikta knytt til utforsking av matpåstandar, matoppskrifter og formidling i ikkje-formelle læringskontekstar (samarbeid med Atlanterhavsparken).

Prosjektet er leia av franske L'Institut Agro og har partnarar frå ei rekkje land.

Kurs i høgskulepedagogikk - søknadsfrist 25. august

Alle tilsette har fått e-post frå Silje Ims Lied med informasjon om kurstilbod i høgskulepedagogikk og HVO. Søknadsfristen er 25. august. Her meir informasjon om kursa, blant anna med dato for samlingar:

[Digital didaktikk i mitt fag og mine emne](#)

[Rettleiing av mastergradsstudentar](#)

[Pedagogisk basiskompetanse](#)

[Rettleiing på kvantitativ metode](#)

Studia er for tilsette ved Høgskulen i Volda og Høgskolen i Molde.

Studium og studentliv



Pris til studentfilm: – Internasjonal anerkjenning på øvste nivå

Den vann pris under verdas mest anerkjende animasjonsfilmfestival og er Amanda-nominert. Film Havnesjefen er suksesshistoria om Volda-studentane, Mia Ludvigsen Henriksen og Konrad Hjemli, som saman har skapt noko filmverda har fått auge opp for – basert på ei sann historie om ein omstridt svane.

– Det har vore utruleg overraskande og gøy at filmen har gjort det sopass bra, og spesielt overraskande for oss at den slår an utanfor Noreg. Alt handlar så klart ikkje om prisar og hyllingar, men vi ser det jo det som eit teikn på at vi har treft eit eller anna hjå folk, strålar Ludvigsen Henriksen og Hjemli, som laga Havnesjefen som eksamensfilm under Master in Media Practices.

Kvar skal studentane møte opp? Studieprogramansvarlege må informere på www.hivolda.no

Nye studentar må få beskjed om kvar dei skal møte opp på første dagen i studiet, og den informasjonen må studieprogramansvarlege formidle i Studiekatalogen på nettsidene våre. Sjå til

dømes korleis [GLU](#) har informert om dette under «Tidspunkt for oppmøte og samlingar». Også fadrane treng denne informasjonen for å kunne føre sine fadderbarn fram til rett rom.

Gi studentane tilgang i Canvas

Etter 1. august kan studentar registrere seg for haustsemesteret og får då også tilgang til Canvas. Canvas-rom bør difor publiserast snarast, og om ikkje informasjonen er klar, bør det stå ei forklaring om at innhaldet vil kome seinare. Både fagleg tilsette og studieadministrasjonen har tidlegare år fått mange spørsmål frå studentar som lurar på kvifor dei møter «tomme» rom i Canvas.



Fadderveka i Volda

I Fadderveka møter du studentar som stiller opp for at studiestarten skal bli ei trygg og god oppleving. Det blir mange ulike arrangement i regi av både Fadderveka og Studenthuset Rokken, med både konsertar, rebusløp, stranddag og organisasjonstorg m.m. Fleire av arrangementa er også alkoholfrie. [Les meir.](#)

Programmet finn du her: <https://www.fadderveka.no/>



Treng du tilrettelegging i studiekvardagen? Snakk med Studentsørvis!

Høgskulen i Volda tilbyr fleire former for tilrettelegging og tiltak for studentar med funksjonsnedsettingar og andre særkilde behov. Studentsørvis kjenner til dei aller fleste tilretteleggingstiltaka, og saman med dei tilsette kan du diskutere kva som passar for deg på det studiet du går. [Les meir om tilrettelegging her!](#)



Ledige hyblar på Studentsamskipnaden i Volda

Ny student og ikkje fått deg hybel endå? Studentsamskipnaden har fortsatt ledige hyblar. Sjekk ut hyblar dei har tilgjengeleg [her](#).

Menyen i kantina neste veke

Måndag: veganburrito med ris – kr 15,90 per hg

Tysdag: omnsbakt sei med kryddersmør – kr 15,90 per hg

Onsdag: butter chicken med ris – kr 15,90 per hg

Torsdag: ball med tilbehør – kr 16,90 per hg

Fredag: tacobuffé – kr 15,90 per hg

Styre og stell

Nytt høgskulestyre

Frå 1. august er nytt styre på HVO på plass. Kven som vart rektor (styreleiar) og prorektor (vara for rektor) vart klart alt i desember. I vårsemesteret valde dei tilsette representantar til Høgskulestyret og i slutten av juni peika Kunnskapsdepartementet ut fire representantar. Styret er dermed no komplett. Styret sit i fire år frå 1. august 2023, med unntak av dei to studentrepresentantane, som er eitt år om gongen. Det vert val av studentrepresentantar i august/september. Meir om kven som styret, finn de [her](#).

Leiarar av utdanningsutvalet og forskingsutvalet

[Utdanningsutvalet](#) og [forskinsutvalet](#) har mandat frå styret. Det er ein frå rektoratet som skal leie kvart av utvala, og rektor har peika ut [prorektor Eirik Søvik](#) til å leie forskingsutvalet, og [rektor Odd Helge Mjelle](#) til å leie Utdanningsutvalet.

Nytt om namn

Vi vil gjerne sjå deg: Legg inn bilde på nettsida di på www.hivolda.no

Det er mange tilsette som har teke til i stilling på HVO no i haust. Alle tilsette får automatisk ei personleg side på www.hivolda.no. Alle tilsette blir med dette oppmoda til å legge inn bilde av seg sjølv på den personlege sida, så blir det lettare å bli kjent med mange nye ansikt. [Her er rettleiing korleis ein skal oppdatere si personlege side](#).

PS. I månadsskiftet august/september blir det fotografering av tilsette for dei som ikkje har bilde eller ønskjer seg eit nytt, bilete på den personlege sida si. Det kjem meir informasjon til alle om dette frå kommunikasjon snart.

Bjørnar Sæterås blir ny rektor ved Ørsta vidaregåande skule

[Bjørnar Sæterås](#) er tilsett som rektor ved Ørsta vidaregåande skule og tek til i stillinga i løpet av september. Sæterås er per i dag studieleiar ved PPU og høgskulelektor i matematikdidaktikk. AH arbeider med utlysinga av stillinga som studieleiar for PPU (Praktisk-pedagogisk utdanning).

Rektorat

Odd Helge Mjelle Tonheim har teke til i åremålstilling som rektor.
Eirik Søvik har teke til i åremålstilling som prorektor.

AHL

Ingeborg Katrin Lid Berget har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis.

Steinar Voldsund Fjeldvær har fått engasjement som studentassistent.

Yasemin Nurcan Hacioglu har fått fast stilling som førsteamanuensis.

Ingrid Vee Hagestuen har fått forlenga vikariat som høgskulelektor.

Irene Hareide har fått vikariat i stilling som førsteamanuensis.

Solveig Finnes Holkestad har fått engasjement som studentassistent

Aleksander Krogevoll har fått stilling som førsteamanuensis.

Sondre Johan Chesney Kvamme har fått forlenga vikariat som høgskulelektor.

Silje Ims Lied har teke til i åremålsstilling som dekan.

Julia Melnikova har fått fast stilling som høgskulelektor.

Synnøve Aasen Nesheim har fått engasjement som studentassistent.

Randi Neteland har fått fast stilling som førsteamanuensis.

Mathias Ephraim Nygaard har fått fast stilling som førsteamanuensis.

Ingrid Kvam Stenshamn har fått fast stilling som høgskulelektor.

Hege Lende Sørbråten har fått forlenga vikariat i stilling som høgskulelektor.

AKF

Lars Ove Stene Fossheim har fått vikariat i stilling som høgskulelektor.

Arve Haugland har fått fast stilling som høgskulelektor.

Ingeborg Berg Skogen har fått fagleg opprykk til førsteamanuensis.

Jon Are Steen har teke til i åremålsstilling som dekan.

AMF

Linda Halse Digernes har fått engasjement som høgskulelærer.

Ruth Maria Grutle har fått engasjement som studentassistent.

Øyvind Johan Heggstad har fått fagleg opprykk til høgskulelektor.
Johann Roppen har returnert til fast stilling som professor.

Karsten Quix har fått engasjement som forskingsassistent.

Rory Thompson har fått forlenga vikariat.

Janina Wildermuth har fått engasjement som forskingsassistent.

ASH

Ida Katrin Tofte Berg har fått engasjement som studentassistent IPAS

FADM

Kardis Bergitte Hasfjord har fått engasjement som førstekonsulent i Studieadministrasjonen.

Vilde Moltudal Igland har teke til i fast stilling som rådgjevar på Kommunikasjonskontoret.

Ida Haug Theodorsen har fått forlenga stilling som rådgjevar i Forskingsadministrasjonen.

Benny Toft har fått stilling som lærling på IT.

Publisering og formidling

Send gjerne tips!

Det er veldig kjekt å melde om nye publiseringar og formidling i nyhendebrevet, så send gjerne informasjon om ei bok, ein tidsskriftartikkel, ein kronikk eller anna du har fått publisert, og skriv gjerne også ei setning eller to om kva publiseringa handlar om. Send tipset også til kommunikasjon. [Hugs også på å registrere publiseringane dine i Cristin.](#)

Hugs også å legge ved lenke til publiseringa.

HVO-tilsette i spissen for leiande historisk tidsskrift

Sidan nyttår har Historisk institutt ved førsteamanuensis Åsmund Svendsen og stipendiat Haakon Hegsvold Sørli vore engasjert i redaksjonen for Heimen – Noregs leiande lokalhistoriske tidsskrift. Åsmund som redaktør og Haakon som redaksjonssekretær, står saman med fire andre eksterne redaksjonsmedlemmar (Knut Grove, Ine Fintland, Marianne Solheim, Brit Marie Hovland) bak deira første nummer, eit dobbeltnummer (!).

[Du kan lese det heilt gratis her.](#)

Bjarte Folkestad om innbyggjarmedverknad i «PLAN»

Dag Arne Christensen, Norge, og [professor Bjarte Folkestad](#), ASH, har skrive artikkel med tittelen: «*Variasjon i kommunale tiltak for innbyggjarmedverknad*».

Artikkelen studerar bruken av tiltak for innbyggjarmedverknad i norske kommunar, og ser nærare på kva som kjenneteiknar kommunar som i større eller mindre grad nyttar seg av slike tiltak for å innhente innbyggjarane sine synspunkt. [Artikkelen er publisert i tidsskriftet PLAN.](#)

Nye rapportar, studentoppgåver og andre arbeid

Arkivet "Bravo" er Høgskulen i Voldas nettstad for formidling av bachelor- og masteroppgåver, forskingsrapportar og andre arbeid. Arkivet er gratis tilgjengeleg for alle på nettsidene til bibliotek ved Høgskulen i Volda. [Nye bidrag i Bravo finn du her.](#)

Faglege arrangement - og fristar

Tilsette blir oppmoda til å legge ut informasjon om interne seminar og faglege arrangement på kalenderen på www.hivolda.no

Forskningsseminar om luktesansen 3.–6. september

I september blir Sunnmøre vertskap for ein utforskande workshop i kulturstudium knytte til luktesansen: [Nordforsk \(NOS-HS\) exploratory workshop in Ålesund/Runde](#). Seminaret finn stad i Atlanterhavsparken i Ålesund og ved Runde Miljøsender og skjer med støtte frå Nordforsk. Førsteamanuensis [Erik Cyrus Fooladi](#) ved Institutt for realfag er medarrangør av seminaret. (Friste for innsending av bidrag er ute.)

Utlysing av utanlandsopphald for 2024: søknadsfrist 18. september

Som Forskingsadministrasjonen informerte avdelingane om før ferien, er ph.d.-kandidatar og faglærte tilsette no inviterte til å søkje om utanlandsopphald for 2024. Det blir teke atterhald om at midlar til ordninga vert løyvde frå Høgskulestyret.

Utlysinga gjeld økonomisk støtte for lengre opphald (1–6 månader) ved forskingsinstitusjonar i utlandet og omfattar faste tilsette og stipendiatar der høgskulen er arbeidsgivar. Det står meir om ordninga [her](#).

Søknadsfristen er 18. september 2023. Midlane vert tildelt av Forskingsutvalet i møtet 5. oktober. Søknadsskjemaet finn du [her](#). Ta gjerne kontakt med forskingsrådgivar [Yueyuan Luo](#) ved spørsmål om ordninga.

Læringsverkstaden: Utviklingsmidlar til studentaktive lærings- og vurderingsformer i løpande frist

Høgskulen i Volda ønsker å ha eit variert og nyskapande læringsmiljø med høg kvalitet, som det står i strategiplanen. Eitt tiltak for å nå dette målet er å tildele midlar til prosjekt innan studentaktive lærings- og vurderingsformer, og [Læringsverkstaden](#) inviterer tilsette på HVO til å sende søknader om midlar til prosjekt. Prosjekta kan maksimalt få kr 50.000, og søknadene vert handsama etter kvart som dei kjem inn. [Meir informasjon om utlysinga er i nyhende-brev frå Læringsverkstaden.](#)

Ledige stillingar

[Sjå alle ledige stillingar på nettsidene våre.](#)

[Stipendiatstillingar i helse- og sosialfag](#) – søknadsfrist 15.8.2023

[Organisasjonskonsulent i Studieadministrasjonen – tidsavgrensa vikariat](#) – 7.9.2023

Møte, seminar og anna på HVO:

[Oversyn over møte og sakspapir til sentrale råd og utval ved HVO.](#)

Faglege og sosiale arrangement og hendingar på og ved HVO:

Hausten 2023:

14.8.2023: [Velkomstkveld – Student Barbeque](#)
15.8.2023: [Ope fagleg seminar: Lokalval og lokaldemokrati i Noreg](#)
15.8.2023: [Studiestart studieåret 2023-2024](#)
15.8.–29.8.2023: [Fadderveka 2023](#)
23.8.2023: [Politisk valtorg under fadderveka](#)
24.8.2023: [Tekst og tanke](#)
3.–6.9.2023: [Nordforsk \(NOS-HS\) exploratory workshop in Ålesund/Runde](#)
4.–9.9.2023: [Sunnmøre Kammermusikkfestival](#)
7.9.2023: [Høgskulestyret](#)
21.–24.9.2023: [Animation Volda](#)
22.9-1.10.2023: [Forskningsdagane 2023](#)
27.–28.9.2023: [Karrieredagane, Ørstahallen](#)
26.–27.10.2023: [Høgskulestyret \(seminar og styremøte\)](#)
1.–2.11.2023: [Utdanningsdagane](#)
7.12.2023: [Høgskulestyret](#)

Våren 2024:

7.3.2024: Høgskulestyret
8.5.–9.5.2024: Høgskulestyret (styreseminar og styremøte)
30.6.2024: Høgskulestyret

Faste lenker:

LEDIGE STILLINGAR VED HØGSKULEN I VOLDA
<https://www.hivolda.no/stilling>

REKTORBLOGGEN

[30.6.2023: Takk for åtte år som rektor, Johann Roppen!](#)

[24.6.2023: Valplattforma til det påtroppande rektoratet](#)

[Alle innlegga på rektorbloggen](#)

KVA SKJER I VOLDA OG ØRSTA?

[Rokken](#)

[ØrstaVolda.no](#)

HVO PÅ SOSIALE MEDIA MM.

[Finn-ein-forskar-på-HVO](#)

[Tiktok](#)

[Facebook](#)

[Instagram](#)

[Youtube](#)

[Finn-ein-forskar](#)

[HVO-blogger](#)

[Nynorsksenterets blogg](#)

[Fjordkonferansen](#)

[Løpande oppdatering av straumproduksjonen i solcelleanlegget \(Berte Kanutte-huset\)](#)

[Offentleg journal \(postliste\)](#)

[Nye bøker i HVO-biblioteket](#)

STUDENT- OG ØVINGSMEDIA:

[Knaggen](#) (portal for studentmedia)

[Studentradioen](#)

[StudentTV](#) - Sjå også [Youtube-kanalen](#)

[Radio Volda](#)

[Nærsynet](#)

[Nærnett](#)

Høgskulen i Volda

Tlf: [70075000](tel:70075000)

E-post: postmottak@hivolda.no

[Personvern](#)



[Endre kontakti](#)

[Meld deg av e-postli](#)

